

KONGELEG RESOLUSJON

Fornyings- og administrasjonsdepartementet

Statsråd: Heidi Grande Røys

Ref. nr.:

Saksnr.: 200900133

Dato: 18.06.2009

Forskrift om unntak frå konkurranselova §§ 10 og 11 for einskilde grupper av privatpraktiserande legar, fysioterapeutar og psykologar

1. Bakgrunnen for saka

For å avgrense bruken av konkurranselova mot avtaler om levering av helsetenester mellom staten, dei regionale helseføretaka og KS på den eine sida, og Den norske legeförening, Norsk Psykologforening og Norsk Fysioterapeutforbund på den andre sida, vart det med heimel i konkurranselova § 3, gitt nærare forskrifter ved kgl.res. av 25. juni 2004. Verketida for forskrifta vart satt til 5 år. Helse- og omsorgsdepartementet, som forvaltar staten sin partsstilling i dei aktuelle avtalene, har bedt om at unntaket vert fornya.

Slikt samarbeid som det her er tale om, vil normalt vere konkurranseskadeleg. Det vert ramma av forbodet mot konkurranseregulerande samarbeid i konkurranselova § 10 første ledd. Slik felles opptreden, gjennom tingingar og avtaler som fastset bindande vilkår og priser, kan ikkje kome inn under vilkåra for unntak i § 10 tredje ledd.

Eit særskilt unntak frå konkurranselova § 10 er såleis naudsynt om dei innarbeidde ordningane for samarbeid mellom offentlege styresmakter og organisasjonane til helsepersonellet skal kunne halde fram. For å unngå tolkingsproblem er det òg høveleg å gjere unntak frå § 11.

Sist unntaket vart gjeve, vart det sagt at ei eventuell vidareføring skulle gjerast etter ein gjennomgang av kva trong ein har

helsepolitisk, for tingingsordninga som grunngeiv unnataket. Ein slik gjennomgang er likevel ikkje gjennomført.

Eit utkast til forskrift om unnatak med verketid på 5 år har vore på høyring hos dei aktuelle profesjonsorganisasjonane, helseføretaka, Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon, Konkurransetilsynet og dei departementa saka gjeld. Dei som tilrår ei anna løysing enn forslaget, er Norsk Manuellterapeutforening, som ynskjer unnatak òg for seg sjølve, og Konkurransetilsynet, som ynskjer eit unnatak med kortare verketid, slik at det kan gjerast ei meir grundig utgreiing om trongen for unnataket.

2. Departementet sine vurderingar

Departementet legg til grunn at det må gjevast unnatak frå konkurranselova om det skal kunne skipast nye avtaler mellom staten og organisasjonane etter det mønsteret som gjeld for eksisterande avtaler.

Ein monaleg del av den private helsetenesta drive av legar, psykologar og fysioterapeutar med basis i avtaler med det offentlege, vert finansiert over offentlege budsjett. Av legane, psykologane og fysioterapeutane sin samla omsetnad frå den offentleg støtta verksemda, vert størstedelen dekkja av offentlege tilskot, resten av eigenlutar. Gjennom avtale- og tingingsordningane fastset partane mellom anna grunngodtgjeriing/driftstilskot og takstar. Avtale- og tingingsordninga er innafor systemet i dag viktig for å gjennomføre politikken som gjeld eigenlutar. Ordninga er ein sentral del i gjennomføringa og styringa av helsepolitikken.

Staten og kommunane er ikkje omfatta av konkurransereglane så lenge verksemda fylgjer av lovpålagde oppgåver. Ut frå stoda i saka er det mellom anna vektlagd at yrkesutøvarane, som for det aktuelle området i størstedelen hentar sine inntekter frå det offentlege, skal kunne medverke gjennom tingingar når det gjeld godtgjersle og ymse vilkår. Alternativet til å regulere gjennom tingingar er einsidig prisregulering frå det offentlege si side.

Unnataket gjeld for samarbeid om prisar og vilkår som det vert tinga om med det offentlege. Det er vanleg å gje slike unnatak for eit avgrensa tidsrom. Det er tenleg å gje eit unnatak for 3 år. Ei meir avgrensa tidsperiode enn det som vart fremja i høyringa høver best mellom anna av omsyn til trongen for ei nærare

vurdering av unnataket i høve til arbeidet med samhandlingsreforma i helsetenesta.

Dei noverande avtalene inneheld ein del detaljar som det seinare kan verte aktuelt å vurdere nærare, til dømes særlege krav til nyetablerarar kor nokon trer ut av ein etablert praksis. Eventuell trong for å justere sider ved ordningane kan anten løysast gjennom ei seinare endring i unnataket, eller ved at det vert tinga om endringar i dei noverande ordningane.

Det er av helsepolitiske omsyn ikkje ynskjeleg å ta inn ytterlegare profesjonsorganisasjonar i tingingssystemet, jamfør uttala frå Norsk Manuellterapeutforening. Det er difor ikkje trong for unnatak frå konkurransereglane for denne gruppa.

Unnataket er godt kjend og innarbeid i praksis for dei det gjeld. Det vil derfor ikkje verte endringar i den økonomiske og administrative børa når ordningane held fram.

Saka og utkastet til forskrift har vore lagd fram for Finansdepartementet og dei andre departementa saka gjeld.

”Fornyings- og administrasjonsdepartementet

t i l r å r :

Forskrift om unnatak frå konkurranselova for einskilde grupper av privatpraktiserande legar, fysioterapeutar og psykologar vert fastsett i samsvar med eit vedlagt forslag.”

”Forskrift om unntak frå konkurranselova for samarbeid mv. for einskilde grupper privatpraktiserande legar, psykologar og fysioterapeutar.

(Fastsett ved kgl.res. med heimel i lov 5. mars 2004 nr. 12 om konkurranse mellom foretak og kontroll med foretakssammenslutninger (konkurranselova) § 3 andre leddet. Fremja av Fornyings- og administrasjonsdepartementet.)

§ 1 Føremål

Føremålet med denne forskrifta er å avgrense bruken av forboda i konkurranselova mot avtaler om basisgodtgjering/driftstilskot og takstar som vert inngått mellom staten, ved Helse- og omsorgsdepartementet, dei regionale helseføretaka og KS på den eine sida, og Den norske legeförening, Norsk Psykologforening og Norsk Fysioterapeutforbund på den andre sida.

§ 2 Unntak for samarbeid innan grupper av helsepersonell som har avtale med helseføretak eller kommune om drift av privat praksis

Konkurranselova § 10 og § 11 vert ikkje nytta på avtaler, avgjerder, samordna praksis mellom, eller einsidige handlingar gjort av legar, psykologar, fysioterapeutar eller deira organisasjonar. Dette gjeld berre når handlingane er naudsynte for å kunne forhandle fram og gjennomføre avtaler mellom desse, staten og kommunane om basisgodtgjering/driftstilskot og takstar.

§ 3 Plikt til å påvise heimel

På førespurnad frå konkurransestyresmaktene pliktar alle som vil nytte unntaket i § 2 å gjere greie for kva for avtale nemnd i § 2, som regulerer forholdet.

§ 4 Virketid

Forskrifta trer i kraft straks og gjeld i 3 år. ”